



# Kinn kommune

**Arkiv:**  
**Journalpost ID:** 26/15148  
**Sakshandsamar:** Linda Alice Myhre Larsen  
**Dato:** 10.03.2026

## Notat til Gruppearutvalet - Presisering av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn

### Bakgrunn for notat:

F-Sak 028/26 2026, «Presisering av forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn» vart i formannskapet si handsaming 24.02.2026, vedteke sendt vidare til gruppearutvalet for vidare handsaming.

I kommunestyret 05.03.2026 vart saka også drøfta i samband med fleire saker. Ap v/representant Christensen stilte fleire spørsmål som det vart bede om svar på i eit notat til handsaminga i gruppearutvalet.

### Saksopplysningar:

Spørsmål frå AP v/repr. Christensen i kommunestyret 05.03.2026 i samband med at saka skal handsamast i gruppearutvalet:

*Kan KD utarbeide informasjon til saka som er kategorisert tematisk og som viser frem hva dagens folkevalgte ber om?*

*For eksempel - hvor mange viser frem faktisk lønnstrekk som dokumentasjon, og hvor mange andre typer informasjon blir brukt som dokumentasjon for å legitimere at man har et faktisk inntektstap?*

*Vi ber om beskrive tilfeller der det har vært tvil om hvordan forskriften skulle forståes, også andre enn det som gjelder inntektstap som er dokumentert ved å vise fram lønnstrekk, og hva som er rett adresse når adm er i tvil om hvilken beslutning som er riktig. Er det Formannskapet eller andre?*

*Det er fint om KD selv også vurderer om andre ting kan bidra til forenkling og mindre sårbart system (dette er heller ingen beskyldning eller mistenkeliggjøring) for feil, som utvalget kan ta med seg i sine vurderinger.*

**Oversikt under viser kva type krav om tapt arbeidsforteneste dagens folkevalde har meldt inn:**

Legitimert sats – inntil kr 6 000 per dag

Type krav	Tal politikarar
Tapt inntekt – Lønstrekk dokumentert av arbeidsgjevar	Fleire
Tapt inntekt – Uttak av ferie	Få
Tapt inntekt – vist til tap av løn, utan dokumentert lønstrekk	Få
Tapt inntekt – tap av vakt i forkant av møte (dokumentert av arbeidsgjevar)	Få

Ulegitimert sats – inntil kr 1 500 per dag

Type krav	Tal politikarar
Tapt inntekt - pensjonist	Få
Tapt inntekt - andre	Fleire

### Tilfeller:

#### Tapt inntekt – lønstrekk dokumentert av arbeidsgjevar

Krav om tapt inntekt med dokumentert lønstrekk frå arbeidsgjevar er i tråd med gjeldande forskrift. Dette er den mest tydelege og etterprøvbare forma for dokumentasjon.

#### Tapt inntekt – uttak av ferie

Det er meldt krav om tapt inntekt (inntil kr 6 000 per dag) knytt til uttak ferie for sjølvstendig næringsdrivande. Praksisen byggjer på tidlegare praksis frå Flora kommune, men er ikkje tydeleg regulert i gjeldande forskrift. Dette kan skape ulik praksis.

#### Tapt inntekt – ikkje vist til trekk i løn, men til tap av løn

I få tilfelle er tap av inntekt dokumentert frå arbeidsgjevar utan at det er vist til konkret lønstrekk. Vestland Revisjon har peika på at dokumentasjonen i slike tilfelle bør vise til faktisk trekk i løn, og ikkje berre til eit generelt tap av løn. Manglande presisering i forskrifta kan føre til ulike vurderingar.

#### Tapt inntekt – tap av vakt i forkant av møte

Det er meldt krav om tapt inntekt knytt til tap av vakt i forkant av møte. Dette er dokumentert av arbeidsgjevar. Gjeldande forskrift omtalar ikkje denne typen tap særskilt, noko som gjer at slike saker må vurderast konkret.

#### Ulegitimert sats – inntil kr 1 500 per dag (pensjonist)

Pensjonist kan krevje ulegitimert sats med inntil kr 1 500 per dag dersom tap er sannsynleggjort, til dømes tap av gjeremål. Dersom møta varer kortare enn 7,5 timar, vert satsen rekna til kr 200 per time. Denne praksisen er fastsett etter vurdering i samråd med ordførar, men er ikkje tydeleg regulert i forskrifta.

#### Ulegitimert sats – inntil kr 1 500 per dag (andre)

Fleire folkevalde krev ulegitimert sats fordi tap av inntekt ikkje kan dokumenterast med lønstrekk, til dømes ved arbeid som sjølvstendig næringsdrivande, tap av gjeremål eller frilans. Forskrifta gir få føringar for kva som skal reknast som tilstrekkeleg sannsynleggjering av tap.

#### Innkome krav som ligg til handsaming

Ytterlegare krav om ulegitimert sats (kr 1 500 per dag) ligg til vurdering. Få krav gjeld uttak av ferie, der det er opplyst at arbeidet må takast igjen på eit seinare tidspunkt. Andre krav inneheld ikkje nærare dokumentasjon eller sannsynleggjering av økonomisk tap. Desse krava er framleis til handsaming.

## Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap – partipolitisk arbeid

I Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgoder i Kinn kommune står det blant anna i § 3:

### § 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

*Den som har eit tillitsverv i Kinn kommune, har krav på*

*a) skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i forbindelse med vervet.*

Det går fram av praksis i fleire kommunar at utgifter knytt til partipolitisk arbeid ikkje vert dekte av kommunen. For å skape tydelegheit og føreseielegheit kan det vere formålsteneleg å presisere dette i forskrifta. Ei slik presisering bør vurderast innarbeidd ved ei eventuell revidering av forskrifta.

## Rett instans ved tvilstilfelle

I tilfelle der det har vore i tvil om korleis regelverket skal praktiserast, har saka blitt drøfta mellom kommunedirektør, ordførar og møtesekretariatet. Desse drøftingane har til no vore gjennomførte munnleg.

I Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og velferdsgode i Kinn kommune er det ikkje fastsett kven som skal avgjere slike tvilstilfelle. Dette bør presiserast i forskrifta for å sikre tydeleg ansvar og lik praksis.

Til samanlikning er det i Vestland fylkeskommune fastsett i forskrifta at fylkesdirektøren avgjer i kvart enkelt tilfelle om det ligg føre dokumentert inntekstap.

## Kommunedirektør si vurdering – tiltak for eit enklare og mindre sårbart system

For å sikre ei meir føreseieleg praksis og redusere risikoen for feil i handsaming og utbetaling av tapt arbeidsforteneste, meiner kommunedirektøren at det er behov for nokre presiseringar og tiltak.

Følgjande kan bidra til eit enklare og mindre sårbart system:

- Tydlege krav til dokumentasjon ved legitimert tapt arbeidsforteneste, slik at det går klart fram kva dokumentasjon som må liggje ved kravet.
- Presisering av kva som kan reknast om legitimert og ulegitimert tap, mellom anna når det gjeld uttak av ferie, tap av vakt og tilfelle der det ikkje ligg føre direkte lønstrekk.
- Klare kriterium for sannsynleggjering av ulegitimert tap, slik at like tilfelle vert handsama likt.
- Avklaring av eventuell tidsavgrensing for kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.
- Fastsetjing av kven som skal avgjere tvilstilfelle, for å sikre tydeleg ansvar og lik praksis.
- Eventuell utarbeiding av utfyllande retningsliner, som kan støtte praktiseringa av forskrifta.
- Reglar for korleis behovet for ekspertise vert løyst i dei kommunale føretaka.
- Utgifter knytt til partipolitisk arbeid, t.d. reiseutgifter, vert ikkje dekkja av kommunen. Dette bør presiserast tydeleg i forskrifta ved ei eventuell revidering. Likevel kan parti invitere til «ordførarkonferansar» eller møter av generell karakter». Gruppeleiarane bør vurdere kva som skal dekkjast, og kva som ligg utanfor.

Tiltaka ovanfor inkluderar punkta referert til i formannskapet si handsaming i F-sak 028/26, i tillegg til nokre nye.

## Kommunelova § 11-10 Inhabilitet for folkevalde

I Kommunelova § 11-10 står det at ein folkevald ikkje er inhabil når det skal veljast personar til offentlege tillitsverv, eller når det skal fastsetjast godtgjering og liknande for slike verv.

Kommunedirektør vil notere det som kjem fram under handsaming av saka og kome med ein revisjon av forskrifta.